

Noregs kulturkommune 2013

Prisen Noregs kulturkommune blir delt ut av Norsk kulturforum kvart andre år, og har som føremål å fokusere på kommunane sitt kulturengasjement og innsats for det lokale kulturlivet. Første prisen vart delt ut i 1992, til Larvik kommune og seinast i 2011, til Sandnes kommune.

Kåring

Hausten/vinteren 2012/2013 kårar fylkesjuryar vinnar i kvart fylke. Det blir lagt opp til at Norsk kulturforum sine fylkeslag saman med fylkeskommunane (kulturpolitikarar og administrasjon) foreslår kommunar som dei meiner vil vere gode kandidatar. Dei nominerte kommunane vel sjølve om dei vil ta imot nominasjonen og utarbeide ein presentasjon av eige kulturliv og kulturpolitikk.

Fylkesvinnarane går vidare til den nasjonale kåringa, der tre kommunar blir nominerte og får presentere seg ved eit arrangement i Oslo våren 2013, og der Norges kulturkommune blir kåra.

Kriteria

Prisen blir tildelt ein kommune som i særleg grad har markert seg med allsidig innsats for kulturlivet. Det vil i vurderinga bli lagt vekt på følgjande:

- Kommunane si satsing på heilskapleg og langsiktig planlegging, synleggjort gjennom vilje og evne til å bevare viktige lokale kulturelement, legge til rette for gode ordningar i det daglege kulturarbeidet og utvikle nye og utradisjonelle tiltak.
- Involvering av lokale kulturaktørar, både frivillige og profesjonelle, gjennom samarbeid og dialog, herunder innbyggjarane sine ønskje og vurderingar knytt til estetikk og utvikling.
- Kommunane sitt arbeid med forankring av kulturlova i eiga kulturpolitisk verksemd.
- Eit godt og variert tilbod om eigenaktivitet og opplevingar for alle aldersgrupper.
- Kommunane sine kulturpolitiske ambisjonar.

Søknaden blir i første rekke vurdert ut frå innsend eigenpresentasjon. Det vil berre i unntakstilfelle bli lagt vekt på plandokument, brosjyrar, tiltaksrapportar o.l. Slike dokument vil likevel bli brukt meir generelt, som grunnlag for Norsk kulturforum sitt arbeid med å synleggjere gode prosjekt og tiltak med interesse for kultur-Norge som heilskap.

Jury

Fylkesjuryar blir organisert av Norsk kulturforum sine fylkeslag.

Den nasjonale juryen består for 2013 av Gunn Karin Gjøl, leiar av Stortingets familie- og kulturkomité, Gunn Marit Helgesen, leiar av KS og Jorunn Bøe, leiar av Norsk kulturforum.

Pris

Fylkesvinnarane blir tildelt diplom frå Norsk kulturforum med stadfesting om at dei er kåra til årets kulturkommune i sine fylke og er kandidat til prisen *Norges kulturkommune*.

Fylkesvinnarane vil få høve til å presentere seg på Norsk kulturforum sine heimesider. *Noregs kulturkommune* blir tildelt eit kunstverk, og vil få ein brei presentasjon i Norsk kulturforum sitt arbeid.

Norsk kulturforum
Oslo, april 2012